**HAREID KOMMUNE**

# MØTEPROTOKOLL

| | |
|---|---|
| **Utval:** | Næring og miljøutvalet |
| ***Møtestad:*** | ***Kommunestyresal Myravegen 11*** |
| ***Dato:*** | ***26.02.2019*** |
| ***Møte tok til*** | ***15:00*** |
| ***Møte slutta*** | ***17:05*** |

Næring og miljøutvalet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Innkallinga og saklista har vore kunngjord med oppslag i rådhuset.

Medlemane har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumenta har vore utlagde til ålment ettersyn på heimesida til Hareid kommune frå 20.02.2019.

## Faste medlemar som møtte:

| Namn | Funksjon | Representerar |
|---|---|---|
| Hege Holstad | Medlem | AP |
| Bernt Brandal | Medlem | FOHAR |
| Gunnar Riise | Medlem | H |
| Turid Lise Ambjørnsen | Medlem | H |
| Marit Øien Sæverud | Medlem | KRF |

## Faste medlemar som ikkje møtte:

| Namn | Funksjon | Representerar |
|---|---|---|
| Kjetil Nesset | LEDER | FOHAR |
| Ingebjørn Grimstad | NESTL | FRP |

## Varamedlemar som møtte:

| Namn | Møtte for | Representerar |
|---|---|---|
| Arild Overå | Kjetil Nesset | FOHAR |

## Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Anne Karete Mork | Utvalsekretær |
| Silja Øvrelid | Fungerande kommunalsjef |
| Aina G. Balsnes | Rådgjevar |

Bernt Brandal leia møtet **6 voterande**

Næring og miljøutvalet handsama PS 6/19
Næring og miljøutvalet handsama PS 7/19
Næring og miljøutvalet handsama PS 8/19

- RS 7/19
- RS 8/19
- RS 9/19
- RS 10/19
- RS 11/19
- RS 12/19

- RS 13/19
- RS 14/19
- RS 15/19
- RS 16/19

Næring og miljøutvalet handsama PS 9/19
Næring og miljøutvalet handsama PS 10/19

## SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT

| Saksnr | Tittel | Arkivsaksnr |
|---|---|---|
| | **Politiske saker** | |
| **PS 6/19** | **Godkjenning av innkalling og sakliste** | |
| **PS 7/19** | **Godkjenning av protokoll førre møte** | |
| **PS 8/19** | **Referatsaker** | |
| | **Referatsaker** | |
| **RS 7/19** | **Løyve til tiltak 70/108-70/195-70/196 Opparbeiding av areal til industri** | 2019/62 |
| **RS 8/19** | **Løyve til tiltak 72/44- 72/1 Etablering av fellesveg** | 2012/1125 |
| **RS 9/19** | **Løyve til tiltak 41/308 Bruksendring** | 2015/1531 |
| **RS 10/19** | **Løyve til tiltak 64/1 Piperehabilitering** | 2019/158 |
| **RS 11/19** | **Løyve til tiltak 41/1280 Einebustad/m leiligheit** | 2019/29 |
| **RS 12/19** | **Løyve til tiltak 41/530 Nytt anlegg/konstruksjon** | 2019/230 |
| **RS 13/19** | **Frådeling 62/2** | 2018/1990 |
| **RS 14/19** | **Frådeling 46/60 arealoverføring** | 2019/160 |
| **RS 15/19** | **Løyve til tiltak 44/1 Piperehabilitering** | 2019/176 |
| **RS 16/19** | **Løyve til tiltak 47/159 Veg og anlegg** | 2018/653 |
| | **Politiske saker** | |
| **PS 9/19** | **Miljøtårnsertifisering** | 2018/1987 |
| **PS 10/19** | **Innføring av tilskotsordning for tilknyting til offentleg leidningsnett** | 2018/973 |

**Det har kome inn eit spørsmål frå kommunestyrerepresentant for KRF Marit Øien Sæverud, der ho ber rådmannen svare på fylgjande:**
Parkeringstilhøva i Hareid sentrum har endra seg svært myke etter at vi fekk på plass HaPark. No finn ein ledige parkeringsplassar. Det er veldig bra at HaPark frå starten av har vore opptekne av å vere i dialog med brukarane. På den måten får kommunen dei beste tenestene.

Statistikken stadfestar at fleire reiser kollektivt etter at ein må betale for å parkere på Hareid. Det er miljøvennleg, og heilt i KrF si ånd.

Det er flott at HaPark følgjer med i tida, og har lagt til rette for parkering med El-bil. El-sykkel – gjerne med tralle på slep – har vorte stadig meir populært. Det er viktig at Hareid kommune tenkjer både på El-syklistane – og dei ordinære syklistane – når det gjeld parkering, og ein må vere vaken med tanke på kvar ein kan søkje tilskot til slik parkering. Ørland kommune fekk til dømes i 2018 180.000 til tilsvarande:

http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Klima/Klimasats---stotte-til-klimasatsing-i-kommunene/Klimasats---tildeling-av-tilskudd-2018/?fbclid=IwAR0SdKQ3qSbxjexkEYdd6-YrZizPK70Y-cukpPzKhklPssTJ7pvSkiPJ-pE

Eigna parkering for syklistar – både vanlege og El-syklistar – handlar om å bidra til klimagassreduksjon og omstilling til eit lavutsleppssamfunn. Eg har følgjande spørsmål til rådmannen:

- Har Hareid kommune ein plan for sykkelparkering? Viss ikkje – kva vert gjort frå rådmannen si side for å få ein slik plan?

**HAREID KOMMUNE**

Hareid, 20.02.2019

Kjetil Nesset
utvalsleiar

Anne Karete Mork
utvalsekretær

—

## POLITISKE SAKER
## PS 6/19 Godkjenning av innkalling og sakliste /

**Næring og miljøutvalet si handsaming:**
*Leiar for NMU, Kjetil Nesset og nestleiar Ingebjørn Grimstad hadde ikkje høve til å møte.*
***Bernt Brandal FL,*** *vart valt til setteleiar i møtet – samrøystes vedteke.*

*Det var ingen merknad til innkalling.*
*Det var fylgjande merknad til sakliste:*
- *RS 16/19 – Løyve til tiltak 47/159 veg og anlegg vart lagt på bordet.*
- *PS  10/19 – Innføring av tilskotsordning… vart lagt på bordet.*
- ***Marit Øien Sæverud KRF*** *hadde på førehand sendt fylgjande spørsmål til rådmannen:*

*Parkeringstilhøva i Hareid sentrum har endra seg svært myke etter at vi fekk på plass HaPark. No finn ein ledige parkeringsplassar. Det er veldig bra at HaPark frå starten av har vore o~~pp~~tekne av å vere i dialog med brukarane. På den måten får kommunen dei beste tenestene.*

*Statistikken stadfestar at fleire reiser kollektivt etter at ein må betale for å parkere på Hareid. Det er miljøvennleg, og heilt i KrF si ånd.*

*Det er flott at HaPark følgjer med i tida, og har lagt til rette for parkering med El-bil. El-sykkel – gjerne med tralle på slep – har vorte stadig meir populært. Det er viktig at Hareid kommune tenkjer både på El-syklistane – og dei ordinære syklistane – når det gjeld parkering, og ein må vere vaken med tanke på kvar ein kan søkje tilskot til slik parkering. Ørland kommune fekk til dømes i 2018 180.000 til tilsvarande:*

*http://www.miljokommune.no/Temaoversikt/Klima/Klimasats---stotte-til-klimasatsing-i-kommunene/Klimasats---tildeling-av-tilskudd-2018/?fbclid=IwAR0SdKQ3qSbxjexkEYdd6-YrZizPK70Y-cukpPzKhklPssTJ7pvSkiPJ-pE*

*Eigna parkering for syklistar – både vanlege og El-syklistar –  handlar om å bidra til klimagassreduksjon og omstilling til eit lavutsleppssamfunn. Eg har følgjande spørsmål til rådmannen:*

- *Har Hareid kommune ein plan for sykkelparkering? Viss ikkje – kva vert gjort frå rådmannen si side for å få ein slik plan?*

***Fungerande kommunalsjef Silja Øvrelid*** *svara at det ikkje er konkrete planar om det no, men at det vil kome bl.a. ved helsehuset. I tillegg vert det teke med i vurderingane i dei fleste prosjekt framover, og kan gjerne kome som innspel til arealplanen.*

**Røysting:**
Samrøystes

**Tilråding/innstilling/vedtak:**
**Innkalling vart godkjent utan merknad.**
**Sakliste vart godkjent med merknadar som nemnt over.**

**PS 7/19 Godkjenning av protokoll førre møte /**

**Næring og miljøutvalet si handsaming:**
*Det var ingen merknad til protokollen frå førre møte.*

**Røysting:**

**Vedtak:**
**Protokollen frå førre møte vart godkjent utan merknad.**

**PS 8/19 Referatsaker /**

**Næring og miljøutvalet si handsaming:**
*NMU handsama fylgjande referatsaker:*

- *RS 7/19*
- *RS 8/19*
- *RS 9/19*
- *RS 10/19*
- *RS 11/19*
- *RS 12/19*
- *RS 13/19*
- *RS 14/19*
- *RS 15/19*
- *RS 16/19*

**Røysting:**
Samrøystes

**Vedtak:**
**Referatsaker vart teke til vitande.**

## REFERATSAKER

RS 7/19 Løyve til tiltak 70/108-70/195-70/196 Opparbeiding av areal til industri
RS 8/19 Løyve til tiltak 72/44- 72/1 Etablering av fellesveg
RS 9/19 Løyve til tiltak 41/308 Bruksendring
RS 10/19 Løyve til tiltak 64/1 Piperehabilitering
RS 11/19 Løyve til tiltak 41/1280 Einebustad/m leiligheit
RS 12/19 Løyve til tiltak 41/530 Nytt anlegg/konstruksjon
RS 13/19 Frådeling 62/2
RS 14/19 Frådeling 46/60 arealoverføring
RS 15/19 Løyve til tiltak 44/1 Piperehabilitering
RS 16/19 Løyve til tiltak 47/159 Veg og anlegg

**POLITISKE SAKER**
**PS 9/19 Miljøtårnsertifisering 2018/1987**

**Næring og miljøutvalet si handsaming:**

**Røysting:**
Samrøystes

**Næring og miljøutvalet si tilråding frå møte 26.02.2019:**

**Hareid kommunestyre vedtek å ikkje verte sertifisør for Miljøfyrtårnordninga i denne omgang, grunna liten etterspurnad etter ordninga i næringslivet, samt utfordringar i høve kapasitet og økonomi i kommunen.**

**Hareid kommunestyre vil vurdere å handsame spørsmålet på nytt, når tilhøva måtte ligge til rette for det.**

**PS 10/19 Innføring av tilskotsordning for tilknyting til offentleg leidningsnett 2018/973**

**Næring og miljøutvalet si handsaming:**
*PS 10/19 vart lagt på bordet i møtet.*
*Rådgjevar Aina G. Balsnes orienterte.*
*Det vart røysta over å handsame saka – samrøystes.*

***Bernt Brandal FL,*** *fremja fylgjande endringsforslag:*

*Kommunestyret meiner at det må være ei klar målsetting om at flest mogleg av husstandane i kommunen knyter seg til kommunalt vatn og avløp. Det er likevel viktig at kostnadane for den enkelte ikkje blir urimelege.*

*Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide ei oversikt over kva kostnad ei tilskotsordning vil innebere for kommunen – basert på dei områda ein først vil pålegge tilknytt. (ut i frå ulike makssatsar mellom kr 50.000 og kr. 200.000 for både vatn og avløp tilsaman ).*

*I påvente av ei slik oversikt avgjer kommunestyret enkeltsaker.*

*Kommunestyret ber vidare administrasjonen om ei ny vurdering på om ein kan legge til rette for at ein større del av kostnadane kan takast som sjølvkost (VAR).*

*Kommunestyret ber òg administrasjonen undersøkje kva praksis kommunane rundt oss har i slike saker.*

**Røysting:**
Tilrådinga vart røysta opp mot endringsforslaget:
Endringsforslaget vart vedteke med 5 røyster for – 1 røyst mot

**Næring og miljøutvalet si tilråding frå møte 26.02.2019:**

**Kommunestyret meiner at det må være ei klar målsetting om at flest mogleg av husstandane i kommunen knyter seg til kommunalt vatn og avløp. Det er likevel viktig at kostnadane for den enkelte ikkje blir urimelege.**

**Kommunestyret ber administrasjonen utarbeide ei oversikt over kva kostnad ei tilskotsordning vil innebere for kommunen – basert på dei områda ein først vil pålegge tilknytt. (ut i frå ulike makssatsar mellom kr 50.000 og kr. 200.000 for både vatn og avløp til saman ).**

**I påvente av ei slik oversikt avgjer kommunestyret enkeltsaker.**

**Kommunestyret ber vidare administrasjonen om ei ny vurdering på om ein kan legge til rette for at ein større del av kostnadane kan takast som sjølvkost (VAR).**

**Kommunestyret ber òg administrasjonen undersøkje kva praksis kommunane rundt oss har i slike saker.**

Anne Karete Mork
Utvalsekretær

Bernt Brandal
Setteleiar